

## ÅRSMELDING 99 - Osterøy I.L./Friidrettsgruppa AVKORTA UTG.

### Friidrettsgruppa styre for 99 :

Leiar: Bjarte Lohne (99)	Nestleiar Jan Inge Wold (98-99)
Kasserar: Randi Kleppe (98-99)	Skrivar: Sigbjørn Reigstad (99-00)
Ansvar økonomi: Signe Hannisdal (99-00)	Oppmann veteran: Arne Mjelde (98-99)
Oppmann g/j: Karl-J Reigstad (98-99)	Oppmann senior: Geir A Mjelde (98-99)
Vararep 99: 1. Bjarte Vik (sportsleg ansvarleg)	Vararep 99: 2. John Bernes (med ansy. for Haustrinu)
Økonominemnd 99: Signe Hannisdal (leiar), Randi Kleppe og Inge Johs. Reigstad	Valnemnd 99: Kristoffer Reigstad (leiar), Åse B Rolland og Petter H Sæbø

**1. MEDLEMSTAL:** Pr. 31.12.99 har gruppa<sup>?</sup> betalte medlemskap for 1999. I 1999 er det registrert 268 personar som har vore med på ein eller fleire baneøvingar. I tillegg er det og fleire som støttar gruppa administrativt, dugnadsmessig o.l. og ikkje minst deltek på mosjonsløp o.l. så det er potensiale for noko fleire medlemskap i laget/friidrettsgruppa.

**2. STYREMØTE/SAKER: (administrasjon)** Det har i 99 vore 12 styremøte og 59 saker. Dei ulike nemndene har også hatt ein del møteaktivitet. Fleire møte i økonominemnda m.a. med oppsett av vaktplan for Bergen Travpark. (Hovedansvar Signe Hannisdal og Randi Kleppe). Ei eiga bruløpsnemnd har har fleire møter i tillegg til fellesmøte med gruppestyret. Dei fleste møta har vore heime hjå Signe Hannisdal (bruløpkontor).

**representasjon:** Laget var representert ved Bjarte Lohne, Karl J Reigstad og Signe Hannisdal på årets kretsting. Geir Kleppe er varamedlem til kretsstyret.

**3. ANLEGGSSITUASJON:** På Osterøy nyttar gruppa i hovudsak bane/sal på Valestrand, Hatland og i Haus. I 99-sesongen var det særleg gledeleg at Osterøyhallen endeleg var ferdig til bruk (hausten 98), med dei moglegheitene han gav oss i vinterhalvåret.

Løpebanene er i brukbar stand så lenge veret er fint, men blir fort mindre bra når det kjem nedbør. Tilhøva for hopp og kast er noko dårlegare, t.d mangel på kastbur (påbode i slegga og diskos). Det har vorte kjøpt inn 25 meter med tilløpsmattar til både Furubakken og Haus, slik at tillopa i hopp/kast skal betrast.

Det har og i år vore jobba med tippemiddelsøknaden for utbetring av Osterøy stadion. Dersom me hadde fått eit moderne anlegg med fast dekke, slapp utovarane å reisa til Fana eller Leikvang slik dei gjer no for å få trent kvalitet.

**4. ØKONOMI:** På økonomifronten har sesongen tidvis vore prega av litt for lite "peng på bok", noko som mellom anna medførte ein førebels stopp i utbetalingane til utovarane i sommar. Dette kom dels som eit resultat av at treningsleiren i Spania i påsken tok mykje av dugnaden som før har gått i "felleskassa" slik at me hadde for lite på konto ved sesongstart i mai. For å betre på økonomien vart det derfor gjennomført ekstra dugnad som beising av barnehagen i Fotlandsvåg, merking av "bossdunkar", brakaklipping og servering i bryllaup. Som tidlegare år er det vaktene på Travparken som er grunnfjellet på inntektssida. Den dugnaden er relativt lite krevjande og gjev gruppa ei fast inntekt året gjennom. Utanom treningsleirane, som dels var inntente gjennom øymerka dugnad, har me i år brukt mest pengar på startpengar og reiser. For øvrig viser ein til rekneskapen. I 99 har laget hatt samarbeidsavtalar med Vestlandshus/AIFR. Mjelde (hovudsponsor), Osterøy S-lag, BNR, Bonus og Vestlandske Salslag.

## NYE LAGSREKORDAR 1999

Mats Elvik	Stav	4,20m	
		4,40m	
Mats Elvik	10-kamp	6.019p	
Helga Reigstad	Kula	10,80m	
		11,07m	
Helga Reigstad	Slegge	27,76m	
Helga Reigstad	Spyd	46,10m	(ny spydtype)
Britt Helen Langeland	1500m	4.51,56	
Britt Helen Langeland	3000m	10.34,64	
		10.30,89	
		10.28,75	
Britt Helen Langeland	5000m	17.45,4	
Ruth Simmenes	Halvmaraton	1.35.23	

## 6. OPPSUMMERING: (konklusjon sesongen 1999)

Friddretsgruppa har no lagt bak seg den siste sesongen på 1900-talet, ein sesong som trygt kan kallast vellukka. Det er med stor glede ein registrerer framgangen både på topp og breidde. Særleg gledeleg er det at me får endå fleire med på friddretsbana enn tidlegare; også i 99 vart det sett ny rekord i Osterøy Friddrett med 268 deltakarar, av desse eit stort fleirtal ungar. Dette er det beste bevis for at våre trenarar gjer ein utmerka jobb blant dei yngste, og motiverer vonleg dei til vidare innsats. Når det gjeld dei litt eldre viser ein til oppmennene sine oppsummeringar.

Eit hogdepunkt i løpet av året må utvilsamt ha vore treningsleiren i Spania i påsken. Tidlegare har *enkeltutøvarar* dratt på slike leirar, i år var det *friddretsgruppa* som reiste. Dei aktive var i alderen frå 13 til 57 år, ein usedvanleg stor skilnad, men det viste seg berre å vera ein fordel. Det såg ut som alle var godt nøgde med opphaldet, både på det sportslege og usportslege plan. Det er i så høve på sin plass med ein stor takk til Helga Reigstad som la ned mykje arbeid og tid med å få "alt i boks". Sidan turen var så vellukka er det ikkje usannsynleg at det vil bli fleire av same slag i åra som kjem, så det er berre å halda seg i trening vaksen som ung.

På det administrative plan har sesongen stort sett gått i same spora som tidlegare. Men det er særleg to saker som har gått att; Osterøy stadion og dagleg leiar i OIL. Det har vorte jobba mykje med å få gjeanomslag for ønskje om å oppgradera Osterøy stadion til eit tidsmessig anlegg med fast dekke og grasbane. Dessverre er det framleis nokre fartsdumpar i vegen som må forserast før prosessen verkeleg skyt fart. Når det gjeld dagleg leiar i Osterøy Idrottslag er dette ei sak som er ny i år. Det er hovudlagsstyret som har arbeidd med denne saka, som forhåpentlegvis vil fungera slik me trur. Det vil i så fall bli eit langt nytt steg vidare i riktig retning for laget.

Styret vil med dette takka alle dei som har gjort 99-sesongen så positiv; både dei som tek seg av det sportslege og dei som hjelper til på dugnadar. Me håpar me får alle med oss inn i det nye hundreåret.